

Kva:	Møte nr. 04 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Onsdag 25. mars 2026, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 35 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 36 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 03 25-27 i LK RAPPORTERINGSSAKER DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 37 25-27 Evaluering av krinslag og starte planlegging av neste sesong SAK 38 25-27 Kven skal vi kontakte angående krinslag SAK 39 25-27 Evaluering av sesongen, kva har fungert bra, ikkje bra. Kva må vi utvikle vidare SAK 40 25-27 Val av ny leiar i LK EVENTUELT SAK 41 25-27 Sommarskiskolen SAK 42 25-27 Trener 1 kurs SAK 43 25-27 TD- og arrangørkurs SAK 44 25-27 Rekrutteringsklubben
Til stades:	André Haugsbø, Ellen Blom, Erik Brenne, Eline Orheim, Reidun Smørdal Hjelle, Torstein B. Blikra og Melanie Hetkamp-Andersen
Forfall:	
Referent:	Melanie Hetkamp-Andersen

REFERATSAKER

SAK 35 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg er utsendt på førehand.

Framlegg til VEDTAK

LK godkjenner saksliste og innkalling



SAK 36 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 04 23-25 i LK

Bakgrunn

Protokoll nr. 04 25-27 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

LK godkjenner Protokoll nr 03.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 37 25-27 Evaluering av krinslag og starte planlegging av neste sesong

VEDTAK:

Ellen Blom skal redigere spørjeskjema, og deretter sende det ut til medlemmane av LK for gjennomlesing. Deretter skal Melanie sende ut til begge trenarane for gjennomlesing. Etter tilbakemelding frå trenarane skal spørjeskjema sendast ut via Forms til alle som har deltatt på krins- eller impulslag sesongen 2025-2026. Tidsperspektiv er å prøve å få til utsending i løpet av påska.

Bakgrunn:

LK gjorde ei overordna vurdering av krinslaget, og ynskjer å få utøvarane sine synspunkt. Det skal sendast ut eit evalueringsskjema til utøvarane.

SAK 38 25-27 Kven skal vi kontakte angående krinslag

VEDTAK

Alle i klassene frå jenter og gutar 15 år i sesongen 2026-2027 skal få tilbod. Klassene 15-16 år får tilbod om impulslag, junior og senior om krinslag.

Bakgrunn:

LK drøfta om krinslaget skal basere seg på uttak etter nivå, eller om alle skal få tilbodet.

SAK 39 25-27 Evaluering av sesongen

Evaluering av sesongen med SSF-cup og andre konkurransar og aktivitet vart utsett pga tid.



SAK 40 25-27 Val av ny leiar i LK

Sidan ektefelle til LK-leiar er tilsett som ny dagleg leiar i Sogn og Fjordane skikrins frå 1. juni, ynskjer LK-leiar å fråtre vervet som leiar av langrennskomitéen. Saka vart drøfta, men vedtak i saka vert utsett til neste møte.

EVENTUELT

SAK 41 25-27 Sommarskiskolen

Framlegg til orientering

Gjennomføring av sommarskiskule på Sognefjellet vart tatt opp som sak under eventuelt. Spørsmål er kven skal skiskulen vere for, til kva pris og kva datoar. LK drøfta spørsmåla og kom fram til følgjande ynskje:

- Start søndag 21. juni – til og med torsdag 25. juni (unngå kollisjon med Lerum cup som startar torsdag 25. juni).
- LK ynskjer at prisen skal vere uendra frå 2025
- Skal vere for aldersgruppe 11 – 16 år

Melanie følger opp med bestilling av Fjordstova og oppretting av påmelding i iSonen.

SAK 42 25-27 Trener 1 kurs

Framlegg til orientering

Undersøke moglegheitene vidare for å leie inn en trenerutviklar frå Oslo som kan holde trener 1 modulbasert.

SAK 43 25-27 TD - arrangørkurs

Framlegg til orientering

LK skal legge til rette for TD – og arrangørkurs i krinsen.

SAK 44 25-27 Rekrutteringsklubben

Framlegg til orientering

Det er for seint å søke i denne omgangen. Klubber ønsker å få tidleg informasjon om neste søknadsrunden.



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

André Haugsbø (s)
Leiar LK

Melanie Hetkamp-Andersen(s)
Konstituert dagl. Leder